



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår dato:

11.02.2021

Vår ref:

2020/13956

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

## Høyring av frivillig skogvern for Buggastrondi naturreservat i Luster kommune

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland fylke sender vi ut framlegg til frivillig skogvern av Buggastrondi. Du er velkommen til å sende innspel i høyringsfasen innan 18.april 2021.

Buggastrondi ligg i Luster kommune, og er avsett til LNF-område i gjeldande kommuneplan. Området ligg mellom fjord og fjell sør for Kinsedalen på austsida (omtalt på folkemunne som sørsida) av Lustrafjorden. Det føreslegne verneområdet er lokalisert på gards- og bruksnummer 183/20, 183/39, 183/37 og 182/2 i Luster kommune. Arealet er eigd av tre private grunneigarar. Dei har underskrive tilbod om vern av Buggastrondi som naturreservat etter prosedyren om frivillig skogvern. Vi ber om høyringsinnspele for arealet som har ein storleik på 4054,5 dekar.

### Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 prosent av skogarealet. I 2020 var omlag 5,0 prosent av skogarealet og ca. 3,8 prosent av den produktive skogen verna i Noreg. Til årsskiftet 2021 runda vi 3 prosent skogvern i Vestland.

Det er eit nasjonalt miljømål at *et representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar*. Vern av skog er også viktig for å nå mange miljømål vedtekne av Stortinget.

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog. Frivillig vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog. Det har vore satt av nær ein halv milliard per år dei to siste åra til skogvern over statsbudsjettet, noko som syner at dette blir høgt prioritert av Stortinget.



Figur 1 Langs Buggastrondi finn ein både tørr kalkfuruskog og rik edellauvskog, begge er naturtypar som det er underdekning for i skogvernet i Vestland. Foto: Statsforvaltaren i Vestland v/Maria Knagenhjelm.

### Frivillig skogvern

Dei siste åra har frivillig skogvern vore den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern kor staten er heilt avhengig av at grunneigarane sjølv ønskjer dette. Grunneigarane har akseptert det økonomiske tilbodet frå staten. Det er AT Skog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigarane, og som ser til at interessene til grunneigarane blir ivareteke.

Artsdatabanken som er den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfald, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei trua raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar, og fysiske inngrep som fylgle av utbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Derfor er det å ta vare på levestadane til artsmangfald i skog blant det viktigaste tiltaket vi kan gjere for å sikre Vestlandsnaturen for framtidia.

### Verneverdiar i Buggastrondi

Buggastrondi har svært viktige verneverdiar (A-område) av nasjonal kvalitet, og har ei utforming som peiker mot tørr kalkfuruskog. Det er også innslag av store, gamle bjørketre og stadvis flekkar av hasselkratt og alm. Buggastrondi har høge kvalitetar i både storlek og arrondering. Det tilbydde området dekkjer heile gradienten frå fjord til fjell langs Lustrafjorden og ligg i nærleiken av andre verneområde. Floraen er artsrik, og det er registrert kravfulle marklevande sopp. Raudlista og truga artar er registrert, og det er potensial for å finne fleire. Den nordlege delen av området har mange kulturminne frå andre verdskrig. Området har vore kartlagt av erfarte biologar fleire gonger, og Statsforvaltaren har vore på synfaring i felt med grunneigar.

### Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av naturmangfaldlova jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien



naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for Buggastrondi.

### Konsekvensar av vernet

For å ta vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Det er difor ønskeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sanking av sopp og bær. Turstiar som er i området skal også kunne haldast ved like.

### Brukarinteresser

Det er ikkje beite frå husdyr i det foreslegne naturreservatet i dag, heller ikkje eksisterande nettinggjerde. Forskrifta opnar for beiting med beitedyr dersom grunneigarane ønsker det i framtida, samt utplassering av saltstein i samband med dyrehaldet. Forskrifta har også ei opning for å kunne søkje om oppsetting av gjerde dersom det er aktuelt i samband med husdyrhald. Det er enkelte steingardar langs stien som spor etter tidlegare tiders utmarksslått. Disse vil kunne bli sett i stand som kulturminne. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser i området.

Langs fjorden går det ein enkel sti sørover til Kvalen. Kvalen er ein stad som ser ut til å bli brukt i samband med jakt, og det meste av transporten dit verkar til å gå med båt langs fjorden. Stien langs fjorden er i lite bruk, og fleire stader er stitraséen litt uklår i terrenget. På enkelte punkt har det gått ras og steinsprang over stien. Over elva i Vetlemannsgjeli er det sett opp ei bru. Grunneigarane ønsker mogelegheit for oppsetting av bru over Jensagejelet og, noko vi har teke høgde for i verneforskrifta.

I den nordlege delen av det føreslegne naturreservatet ligg det spor att frå andre verdskrig. Det var gruvedrift i området, og gruveinngangen er i dag sperra av netting. Det ligg ein steintipp framfor dei to gruveopningane, og det er spor frå brakkerigg og anleggsarbeid. Trær og anna vegetasjon har teke over, og lite er synleg på flyfoto. Vi er ikkje kjend med at det er ytterlegare brukarinteresser innanfor området.

På Ornes, i nærområdet til Buggastrondi ligg verdsarven Urnes stavkyrkje. Det kjem mange besökande til Ornes kvart år, og det er planar om eit verdsarvsenter nær ferjekaien. Reiselivet vil såleis være i vekst. Ei større buffersona rundt stavkyrkja er no ute til offentleg ettersyn frå Luster kommune. Buggastrondi vil bli omfatta av buffersona.

### Innspel til oppstartsmeldinga

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet den 17. desember 2020. Innan fristen den 7. februar 2021 (opphevlag frist 25. januar, men vart utvida) fekk Statsforvaltaren 9 innspel. Ingen av innspela er kritiske til opprettinga av Buggastrondi som naturreservat.

Landbruksdirektoratet har, i innspel datert den 22. desember 2020, nokre generelle innspel. Dei ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interessert det er i området. Dei går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.



*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivareteke i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i dette brevet.

Språkrådet sendte innspel til oss den 12. januar 2021. Dei rår oss heller til å nytte namnet Buggastrondi framfor det opphavlege stadnamnet vi brukte i oppstartsmeldinga, som var Buggestrondi. Dei viser til andre tilsvarande namn i området med bruk av **a**, som til dømes Buggaholten og Stora Buggagjerdet.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi støtter oss på Språkrådet og har endra namnet slik at Buggastrondi blir nytta i høyringa.

Statens vegvesen skriv i uttale datert den 5. januar 2021 at dei ikkje har merknadar til verneframlegget.

Norges vassdrags- og energidirektorat skriv i uttale datert den 13. januar 2021 at så langt dei kjenner til er det ingen eksisterande konfliktar mellom oppretting av verneområdet og interesser knytt til energi og vassdrag med eksisterande og planlagde energi- og nettanlegg, vasskraftverk, hydrologiske målestasjonar eller liknande.

Fortidsminneforeninga skriv i sitt brev datert 20. januar 2021 til oppstartsrounden at dei er særstakt positive til at skogområdet og dei verneverdiane vert ivareteke gjennom eit naturreservat. Dei skriv at eit vern vil kunne være eit gode for kulturminna i området fordi det ligg inne i verneforskrifta at disse kan bli restaurert og ivareteke i samråd med kulturminnemynde. I arbeidet med å få etablert eit verdsarvsenter på Ornes er dei på leit etter eigna material for å lage ein kopi av Urnesportalen. Fortidsminneforeninga ber difor Statsforvaltaren om å leggje inn ein dispensasjonsheimel under § 7 om uttak av spesialvirke til bruk i prosjekt knytt til verdsarven Urnes.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi har forståing for behov for spesialvirke til prosjekt knytt til verdsarven Urnes stavkyrkje, og kyrkja vart truleg bygd med lokalt trevirke. Den eldste daterte tømmerstokken i kyrkja byrja å vokse i år 765. Å ta ut tømmer i eit naturreservat med nasjonale verneverdiar for biologisk mangfold vil likevel kunne være utfordrande for verneføremålet. Trevirke til eit prosjekt i regi av Fortidsminneforeninga vil truleg være avhengig av ein storvaksen furu med høgt harpiksinnhald. Det same er viktig for mange artar som treng store, gamle tre i samanhengjande skogsterreng. Det vil framleis være store areal tilgjengeleg for å finne tømmer til eit verdsarvsenter og formidlingsprosjekt der som ikkje er avhengig av eit naturreservat. Dersom det ikkje finst aktuelt trevirke i ein stor omkrets kan forvaltningsmyndet heller vurdere det som ei sak etter naturmangfaldlova si generelle dispensasjonsheimel § 48.

Direktoratet for mineralforvaltning kjem med innspel i sitt brev datert den 22. januar 2021 om at dei ikkje kan sjå at det føreslegne verneområdet kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Dei har såleis ingen merknadar til verneframlegget.

Norsk Bergindustri skriv i innspel datert den 22. januar 2021 at det er viktig med gode undersøkingar og innhenting av kunnskap om områdets geologiske førekomstar før eit vernevedtak vert fatta. Dei kan ikkje sjå at Fylkesmannen [Statsforvaltaren] har gjort det i denne saka. Dei ønskjer at Statsforvaltaren tek høgde for førekomstar som kan være aktuelle for uttak i framtida. Dei viser også til NGU og Direktoratet for mineralforvaltning som har gode kartløysingar for å finne



mineralførekomstar. Dei ønskjer at Statsforvaltaren utformar verneforskrifta slik at den kan opne for eventuelle uttak av framtidige geologiske, drivverdige funn.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi syner til uttale frå Direktoratet frå Mineralforvaltning som ikkje har merknadar til verneframlegget. Vi har forståing for at Norsk Bergindustri/Norsk mineralforvalting ønskjer meir kartlegging og utgreiingar av potensielle mineralførekomstar i Norge, men vi finn det ikkje rimeleg å greie ut dette som del av verneprosessen. I desse frivillig skogvernsakene er det verken påvist drivverdige mineralførekomstar eller aktuelle areal som er avsett til dette føremålet i kommuneplan. Verneføremålet tek høgde for å ta vare på det (biologiske og) geologiske mangfaldet i mest mogeleg urørt tilstand.

Forsvarsbygg skriv i brev datert den 20. januar 2021 at dei ikkje ser konfliktar med det føreslegne verneområdet, og registrerer at dei generelle unntaka frå ferdelsreglane inkluderer omsynet til militær operativ verksemd og landing og start med forsvarets luftfartøy.

Luster kommune skriv i brev datert den 20. januar 2021, at dei stiller seg positive til frivillig vern av Buggestrondi som naturreservat. Luster skriv m.a. at Buggestrondi ligg inne i framlegget til buffersona rundt verdsarven Urnes. Grunnlaget for planområdet ligg m.a. inne i UNESCO sine Operational Guidelines, der det er forventa at alle verdsarvområde skal ha ein buffersona. Innskrivingsgrunnlaget for Urnes er m.a. isbrelandskapet som eit bakteppe for området på nordsida av Sognefjorden. Kommunen skriv at Buggestrondi kan bli ein del av eit framtidig besøkspunkt for ferdsel og turar utover mot Kvalen og at det kan bli behov for opparbeidning av infrastrukturtiltak for besøkande til det framtidige verneområdet. Kommunen ønskjer at det blir teke høgde for tilrettelegging for opplevelingstilbod i området, mellom anna med informasjonspunkt og kvileplassar ut mot Kvalen.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

I buffersoneplanen til Urnes står det mellom anna at planen kan få konsekvensar for framtidige tiltak som medfører store landskapsinngrep, endringar i horisontlinjer og store endringar i landskapsformar. Statsforvaltaren meiner at eit naturreservat på Buggestrondi vil byggje opp under buffersoneplanen og bevare landskapet og den gamle skogen frå fjord til fjell slik grunneigarane har gjort til no.

Stien langs fjorden i Buggestrondi har ein nyleg opprusta bru, og treng truleg ei ny bru ved Jensagjelet. Tilretteleggingstiltak på eksisterande sti jf. § 7 c. er teke inn i framlegget til verneforskrift. Det er også eit generelt unntak i verneforskrifta for å rydde og vedlikehalde den eksisterande stien på vernekartet jamfør tilstanden på vernetidspunktet. Forvaltningsmyndet kan også, etter søknad, gje løyve til bruk av naturreservatet til miljøbasert reiselivsverksemd, samt merking og rydding av nye stiar og oppsetting av turpostar så fremt det er i tråd med verneføremålet. Statsforvaltaren meiner at innspela til Luster kommune er teke høgde for i verneforskrifta.

**Innspel og vidare framdrift**

Det er ønskjeleg med innspel på det frivillige skogvernet slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil Statsforvaltaren vurdere innspela og ta endeleg stilling i si tilråding av vern til Miljødirektoratet. Vi håpar på vernevædtak før jul 2021.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på [nettstaden](#) vår. Her kan du også sende inn innspel til denne høyringa. Det er også mogleg å sende innspel med brev



til Statsforvaltaren ved Miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no).

**Frist for å kome med innspel er 18. april 2021.**

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Grunneigarliste er teke ut i frå eigedomsregisteret. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Buggastrondi, Luster, høyringskart
- 2 Høyring av forskrift om vern, Buggastrondi naturreservat

**Mottakerliste:**

KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Ole Inge Skagen	Ornes 86	6870	ORNES
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
VISIT SOGNEFJORD AS	Fosshaugane Campus Trolladalen 30	6856	SOGNDAL
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
LANDBRUKSDIREKTORATET	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
ORNES OG KINSEDAL GRUNNEIGARLAG	c/o Randi Kristin Bugge Ornes 96	6870	ORNES
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO



Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
LUSTER NETT AS	Gaupnegrandane 4	6868	GAUPNE
AT Skog SA	Postboks 116 Sentrum	3701	SKIEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Det norske skogselskap			
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Gunhild Børtnes	Nedre Njøs 3	6863	LEIKANGER
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
LUSTER TURLAG	c/o Ole Hermann Meløy Klokkesteinvegen 63	6869	HAFSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Randi Kristin Bugge	Ornes 96	6870	ORNES
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN



Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Fellesorganisasjon			
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
SAMARBEIDSGRUPPA FOR SØRSIDA		6870	ORNES
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS